

# indremisjons VENTEN

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN  
03 - 2023



Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,  
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

**ims**

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim  
Trykk: Haugesund Bok og Offset A/S  
Red.: Marit H. Ådnanes  
Indremisjonssamskipnaden  
Postboks 150, 5401 STORD  
Tlf.: 53 41 07 04  
Bankgiro: 8220.02.80454  
Opningstider Indremisjonskontoret:  
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00  
Fredag: Stengt  
www.indremisjonen.no  
post@indremisjonen.no  
www.facebook.com/Indremisjons-  
samskipnaden

### IMS-styret

Ole Bernar Innvær, leiar  
Oddvar M. Torget, nestleiar  
Petter Lid  
Hilde Karin Vedøy Eiken  
Tordis Thuestad  
Vidar Stensletten Eik  
Henriette Bjørnevik

Svein Tore Kulleseid, 1. vara  
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara  
Ragnhild Nesse, 3. vara

### Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND  
Telefon: 56 51 98 98  
Bankgiro: 8220.02.80497  
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen  
www.helgatun.no  
helgatun@helgatun.no

### Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA  
Telefon: 53 76 98 81  
Bankgiro: 8220.02.80470  
Dagleg leiar: Andreas C. Våge  
www.brandoy.no  
post@brandoy.no

### Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND  
Telefon: 56 55 05 00  
Bankgiro: 8220.02.80292  
Rektor: Harald Voster  
www.framnes.vgs.no  
postmottak@framnes.vgs.no

### SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord  
Telefon: 53 41 20 01  
Dagleg leiar: Silje Fyllingen  
www.sunnbok.no  
post@sunnbok.no

**Framsida-foto:**  
IMS Sommarfest  
på Brandøy.

## Gud kan!

Leiar av  
Marit H. Ådnanes  
Dagleg leiar



**Nett no** er eg overvelda etter å ha sett filmen «Jesus revolution». Alle menneska i Hippie-tida som søkte feil stad etter sanninga, etter meining med livet. Så møtte dei Jesus. Livet fekk ny retning og ny meining.

**I det siste** har eg fått ny favorittstad til mi «stille stund»; inntil husveggen på baksida av huset. Her ein dag kjente eg på at livet ikkje var på topp. Tankane om både meg sjølv og andre kunne vore betre og meir positive. Så las eg historia om Peter og fiskefangsten (Luk. 5). Peter som hadde vore ute heile natta, og ikkje fått fisk. Meisteren, Jesus, ber Peter om å kasta nota ein gong til, på djupet. Heidi Gellein si bok «Elsket» har med refleksjonar rundt nettopp denne bilbelforteljinga. Fiskarane hadde gitt opp å få fisk, dei var trøytte og slitne. Kanskje har me vore der nokon og einkvar. Me kjempar og strevar, viser iver og innsats, så blir det så lite resultat av det. Det kan vera utfordringar i relasjonar, jobb eller gjerne forsamlingsliv. Kor skal det enda? Så er Jesus der. Ting kan bli bra igjen. Der du har gitt opp. Gud kan! Jesus kalte Peter ut på djupet, sjølv om han var sliten og lei. «Vi har streva i heile natt og ikkje fått noko», seier han. «Men på ditt ord, vil eg setja garna». Underet skjer. Det blir overflod med fisk. Det blei ein tankevekkar for meg. Har eg rekna med Gud inn i brutte relasjonar, slitasje og det eg kan kjenna på? Så ofte gløymer eg nettopp det, kva Gud kan gjera der eg sjølv ikkje ser løysinga.

**«Eg har ikkje noko anna håp enn Jesus»**, fortel Tor Espen Kristensen i «Mi trushistorie» lenger bak i bladet. Han har aldri slutta å fordjupa seg i Guds Ord. Og i andakten denne gongen spør Anne Marie Solsvik om me har tatt i bruk den store skatten. Bibelen er ei levande bok. Her møter Gud oss, og gir oss alt me treng til livet; kraft for dagen i dag, og håp for i morgon.

**Det er så lett å tenkja menneskeleg om Gud.** Så lett blir han avgrensa, for å passa inn i mine tankar. Gud er alltid større. Han ser det store biletet. Gud kan vekka opp menneske, han kan starta vekking, enten det er i ei bygd i No-reg eller i USA. Gud kan! Alltid kan han! Lat oss hugsa det inn i små og store utfordringar i kvardagen, inn i familie og forsamlingsliv.

### Me vil «meir misjon»!

I IMF-prosessen og i kretsane er det no fokus på dette. Korleis kan me få meir misjon ut av innkomne midlar? Difor satsar me no i Ung-avdelinga, og me ynskjer meir utadretta fokus. Korleis kan me vera med å nå barn og unge i dag? Korleis kan IMS vera pådrivar og hjelp lokalt i desse spørsmåla?


Så er det også slik at all vår verksemd vert drive av innkomne gæver. Her ligg både moglegheitene og avgrensinga. Tala til høgre talar for seg. Me er i ei krevande tid på året, med store minus. Me veit ting vil endra seg utover hausten. Men kor mykje? Det er me spente på.

Vil du vera med i dette viktige arbeidet, ved å gi di enkeltgæve eller bli fast givar? For å oppretta fast givarteneste, eller oppdatera eksisterande beløp, går du inn på imf.no, klikkar deg inn på «Gi gæve», velg så «støtt lokale prosjekt». Der vil du finna både Indremisjonssamskipnaden, våre avdelingar og andre du vil gi til.

Tusen takk til deg som står med i arbeidet på ulikt vis.

Gi di gæve med  
**vipps**  
Vipps-nummer: 102696

Rekneskapet pr. 31. august viser eit driftsunderskot på kr 1.058.195,-. Året før var det eit underskot på kr 758.071,-.



**Ynskjer du å bli fast gjevar?**

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema på [www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)

# Den store skatten - ei gåve til deg. Brukar du den?

Andakt av  
Anne Marie Solsvik  
Norheimsund



**Mange er ikkje klar over** at dei har ein skatt i huset sitt. Ein verdifull skatt som du kan bruka i kvardagen. For mange står denne skatten i bokhylla, eller den ligg nedstøva ein eller annan stad. Bibelen er DEN STORE SKATTEN, slik det står i barnesongen:

*Den største skatten som finnes på jord.  
Det er en gave til ALLE som tror  
Den ligger gjemt i Herrens eget ord.  
DER ER DEN STORE SKATTEN  
Les DIN BIBEL, LET i Ordet,  
så finner DU den store skatten  
For i troen på Jesus  
er himmelens RIKDOM blitt DIN.*

**Bibelen er ikkje ei vanleg bok.** Den Heilage Ande verkar gjennom den. Her møter Jesus oss og vi møter Jesus når bibelboka vert opna. «Dine Ord gjev lys når dei opnar seg, dei gjev uvitande skjøn», Salme 119, 120.

**Bibelen er like aktuell i 2023,** som den har vore gjennom alle tider. Den talar inn i kvardagen vår. Den gir råd, trøyst, kraft, styrke, kvile og tilgjeving: «Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå, eg vil la mitt auga kvila på deg og gje deg råd», Salme 32, 8.

«Frykt ikkje, for EG er med DEG, ver ikkje redd for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgge hand», Jes. 41,10 og «Legg din veg i Herrens hand! Set di lit til han, så grip han inn», Salme 37,5.

«For du, Herre, er god, du tilgjev, du er rik på miskunn mot alle som kaller på deg», Salme 87.5 og Joh. 3.16. «Han gjev den trøytt kraft, og den som ikkje har krefter gjev han stor styrke» Jes. 40.29


«Kom til meg, ALLE de som slit og har tungt å bera, eg vil gje dykk KVILE», Matt. 11, 28.

**Ja, slik kunne vi forsett** med mange fleire døme på korleis Jesus møter oss alle dager og alle slags dager. Mitt ynskje og mi bøn er at alle må finna den store skatten som bibelen er, lesa i den og verkeleg sjå den kraft og styrke du kan henta der.

«For i troen på Jesus er himmelens rikdom blitt din». Då har du noko å bringa vidare til dei du møter. Lukke til i din kvardag framfor ein open bibel.

## Kraft-konferanse


Laurdag 17. februar  
Leirvik bedehus



Meir info kjem på [indremisjonen.no](http://indremisjonen.no)

## Forsamlingskonferanse

Laurdag 16. mars  
Norheimsund bedehus



Meir info kjem på [indremisjonen.no](http://indremisjonen.no)

## BØNE SPALTA

### BE FOR:

- Haustleirane
- Pit Stop
- Lederkonferansen på Straume
- 18 nye konfirmantar på ConTeenNew
- Lokale leiarar i IMS
- Tilsette i IMS

### TAKK FOR:

- IMS Sommarfest
- Sommarleirane
- Alle elevar / studentar / lærarar på Framnes og Bildøy
- Lyngdal Bibelcamp
- At «Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud...»
- Takk: 2. Tim 3, 16 - 17

**Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi når vi har andakt i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail [post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no)**

Vår Far i himmelen!  
Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. AMEN.

# ims SOMMAR FEST

# - for første gong!



**IMS Sommarfest vart gjennomført for første gong helga 16.-18. juni 2023. I tida før fekk vi god dugnads-hjelp, mange var med og klargjorde plassen for denne helga. Det var ikkje fritt for at spenninga kunne bikke over i bekymring likevel. Desto større er takksemda i etterkant, for dette vart ei velsigna god helg på så mange vis!**

### **Tydeleg bodskap og varm humor**

Viggo Klausen hadde samlingar med borna fredag og laurdag, og Alle-saman-møte laurdag kveld. Både barn, unge og vaksne vart inspirerte og begeistra: han tok barna på alvor, og delte frå Bibelen på ein tydeleg måte – med god bruk av varm humor. - Me trur på den treeinige Gud; Faderen, Sonen (Jesus) og Den Heilage Ande. Desse tre er alltid einige, konstaterte Viggo. Vi fekk høyra om oppgåvene til Den Heilage Ande. Blant anna skal Anden hjelpe oss til å forstå, slik at Ordet blir levande for oss. Den Heilage Ande dyrker også frukt. Du er ei frukt! Viss du og Jesus smeltar saman blir det frukt. Frukt veks, og heile verda treng denne frukta. Heimeleksa di er å vera saman med Jesus!

### **Søker me på rett stad?**

På mange måtar gjekk denne bodskapen så fint saman med det Inga-Birgithe Sætre Knudsen delte på samlingane «Bibel og fellesskap» i teltet laurdag og søndag førmiddag. Inga-Birgithe peika på at Gud har gjort oss frie til å løfta blikket, men ofte kjenner vi oss ikkje så frie likevel. Gud ynskjer å vera vår styrke (Jes. 30, 15), men søker vi på rett stad?

Søker vi styrke frå verda i staden for den stilla og styrken som Gud kan gi, spurte ho. Inga-Birgithe delte også om «Rytmar som set fri». Gode vanar kan vera studier og meditasjon på Han, bøn, faste, syndsvedkjenning, gudsteneste og fellesskap, stilla, fest og glede. Ingenting av dette må du gjera for at Gud skal elska deg, men dette er gode reiskapar Gud har gitt oss for å føra oss inn i djupare relasjon med Ham.

### **Variert program for alle generasjonar**

Utanom bibelsamlingane stod det også mykje anna flott og godt på programmet. Vi fekk oppleve vakker konsert med Morten Samuelsen og Sara Helen Romarheim Hetlebakke. Runar Landro, Inga-Birgithe Sætre Knudsen og Viggo Klausen deltok med interessante og gode seminar. Vi fekk ein latterfylt «Walk Down the Memory Lane» – glimt og gløtt frå leirlivet, med Jan-Ove Fagerheim, John-Inge Rolfsnes og Svein Bjarne Aase. Ikkje minst fekk vi vera med på misjonstivoli, med både hoppeslott, bungee run, fotballdart, modellkitt, teikning, lykkehjul, ansiktsmaling og andre kjekke aktivitetar!

Til mat var det også mykje godt: Fredag kveld diska Geir Ivesdal opp med deilig grillbuffet. Vidare serverte Brandøy sin dyktige kokk Daria Holowinska og gode medhjelparar nydelege måltid gjennom heile helga. Kafeen i matsalen var open utanom måltida, og her var blant anna kule-is, slush, kaker og pizzastykke veldig populært!

### **Viktig avkopling og påkopling**

Gjennom drøs over ein kaffikopp, avslapping i sola, samlingar i teltet, aktivitetar, måltid og leik håpar og trur vi mange fekk ei fin helg med både avkopling frå kvardagen og påkopling til noko større. Mange har gitt uttrykk for at dei fekk mykje verdfullt med seg frå helga. Det er kjekt å sjå at Brandøy kunne brukast på ein litt ny måte: Her fekk vi fylla opp internat, hytter, og leilegheit, og vidare med telt, bubilar og båtar. Mange kom også på dagsbesøk. Og med teltmøter på grusbanen, vart potensialet på Brandøy nytta til fulle!

### **60 frivillige i sving**

Ei slik helg hadde ikkje gått an utan eit positivt og arbeidsvillig Brandøystyre, mange komitémøte, godt samarbeid mellom Brandøy og IMS, og mange gode dugnadsarbeidarar frå fjern og nær! Minst 60 frivillige har bidratt med dugnadsarbeid i samband med helga. Det set vi stor pris på! Rundt rekna var det 3-400 personar innom i løpet av helga. Vi har også kjent på å få bli bore i bønn gjennom helga. Smått og stort har lagt seg fint til rette, og ikkje minst var vi heldige og fekk eit strålende nydeleg ver! I sekundet siste ting var tatt innomhus, kom det nødvendige regnet. Vi er takknemlege for alt vi fekk med oss frå denne helga, og for alle som kom! Ver gjerne med i bønn for neste års IMS Sommarfest allereie no. Vi håpar og ber om at dette kan vera ei viktig kjelde til liv og inspirasjon for kvardagen med Jesus!

*Av Annbjørg N. og Andreas C. Våge og Marit H. Ådnanes*

# Kjempegøy å sova i telt

Heile åtte personar fekk plass i dette teltet. I tillegg til familien Marte (bak t.v.) og Rune Kvilhaugsvik med fire barn, var det også kjekt å ha med to venner.

Me har hatt ein liten prat med Ola Dalen (10), Mathea Kvilhaugsvik (11 ½) og Guro Dalen (12), alle frå Fitjar, om korleis dei har hatt det desse dagane.

- Det var veldig gøy å vinna på springegreiene, bungee run, seier Ola.
- Misjonstivoli synest eg var gøy, seier Mathea.
- ALT var gøy, kjem det kontant frå Guro

Alle-saman-samlinga er nett ferdig, og me bed om respons på denne:

- Han (Viggo) forklarte på ein morsom måte. Det var gøy med konkurranse. Me forstod alt, i staden for at han brukte mange vanskelege ord, seier dei.

Har de fått sova då?

Ja, fint! Det var kjempegøy å sova i telt, seier Guro. Så var det gøy å bada, skyt Ola inn. Det var varmt i sjøen, og me kunne legga på svøm med ein gong.

Kiosken med slush og is, og andre ting, var også gøy, seier Mathea.



## Glimt frå ein variert Sommarfest

# PitStop-teltet på plass!

Tysnes Indremisjon arrangerte PitStop under «Tysnesfesten» i år også. Fleire tusen menneske er innom Tysnes desse dagane i juli.

I teltet blir det servert kaffe, vaflar og Guds kjærleik. Dei siste åra har denne festen vore skikkeleg uheldig med veret, og i år var det ingen unntak. Laurdagskvelden var det torden, lyn, vind og regn, - noko som gjorde at fleire kom til teltet for å finne ly. Teltet var så fullt at det så vidt gjekk å snu seg rundt.

Me tok i bruk Guds frimot til menneska og fortalde kva Jesus har gjort på korset for dei. Det var fleire av oss som kom i gode samtalar med menneske som ikkje kjenner Jesus. Dette er det me brenn for skal skje.

I år hadde me med oss to personar frå OAC (Open air campaigners) som var skikkeleg flinke til å illustrere og forkyne Guds ord.

Linda Aase



## Jim Reeves jubileumskonsert



20. august 2023, på dagen 100 år etter Jim Reeves sin fødsel vart det arrangert jubileumskonsert i Tysnes kyrkje. Det var Knut Inge Røen som framførte dei gamle gode songane til Jim Reeves, songar som varer frå generasjon til generasjon og som mange framleis er glade i. Knut Inge er kjend som ein Jim Reeves-tolkar i toppklasse. Og for ein kveld det vart på Tysnes denne fine sommarkvelden! Mange hadde lagt ned mykje arbeid for å få dette til, kona Marit Andresen Røen må nemnast i særklasse. Dessutan deltok sonen Benjamin og eit eige samansett band som løfta konserten til å verta ei verdig feiring av denne store stjerna. Og folket strøymde til, frå mange kantar. Nokon kjende, mange ukjende. Berre blide ansikt. Ei stund var det slik at me tenkte, er det plass til alle? Men etter å ha pakka folk saman og funne fram fleire stolar, vart det akkurat plass. Jau, dette var noko som fengde. Og så kom TV12/Bedehuskanalen og gjorde opptak av konserten. Det kjem nok på TV seinare i haust.

Jim Reeves vart altså fødd 20. august 1923. Han vaks opp i Texas, USA, med mora og ni eldre søsken. Faren døydde då Jim berre var 10 mnd gamal. Jim vart tidleg oppteken av song og musikk. Han bestemte seg snart for å bli country-artist og karrieren utvikla seg fort. Jim Reeves vart kjend for si mjuke barytonstemme og han fekk tilnamnet «gentleman Jim». Han distanserte seg også frå countrypreget ved å leggja cowboyhat-ten på hylla og ikkje bruka countrykostyme når han opptredde. Men livet til Jim Reeves vart heller kort. 31. juli 1964 omkom han i ei tragisk småflyulykke, snaut 41 år gamal. Arven etter Jim Reeves vart ført vidare i stor grad av kona Mary.

Jim Reeves hadde familierøter frå Irland; kristne røter - og dei prega han og songane hans. Han gav såleis ut fleire plater med kristne tekstar. Og det vart sagt at på konsertane hans hadde han alltid med ein eigen gospel-avdeling.

Det var Tysnes indremisjon som var lokal arrangør. Me er stolte og glade over å ha vore med på dette. Det var flott å bruka eit slikt høve på ein slik framifrå måte. Tusen takk til alle som bidrog og til deg som kom.

Harald Heie  
Leiar, Tysnes Indremisjon

# Helgatun, 50 år etter

Med nydelege blomar i bukett, og helsing på ark i dres-sjakkelomma, skal min gode mann representere IMS. Me er klare, me er på veg til Helgatun Fjellpensjonat. Helgatun er 50 år, og det skal feirast!



**Flagget vaier, dørene er opne, me er velkomne** også denne dagen: Varmen, atmosfæren, venleiken og dugnadsviljen. Alt dette er der, eg kjenner det og ser det: Me er venta.

**Tenk, på opningsdagen for 50 år sidan**, fortalde eit barnebarn at ho på 1930-1940-talet hadde vore med bestemor på myrane,

og dei skar torv. Bestemor hadde bedd til Gud: Kunne Gud bruke desse myrane til noko i sitt rikes arbeid? Det var midt ute på myra, i heilt aude landskap. I 1973 vart Helgatun tatt i bruk, bygd på bestemor sine myrer. No er det 50 år sidan. Det er rart, fint og sterkt. Me ser Gud i dette, Gud har vore til stades. Sånt blir det glede, snørr og tårer av. Glade, sterke og rørte tårer er fint!

**Helsingane til 50-åringen** denne laurdagen var rause, sterke og både «bakover- og framoverlente». Fleire hundre tusen har overnatta i løpet av desse åra. Ein signa plass for barn, ungdom, vaksne, godt vaksne og turistar. Helgatun har stått i 50 år, og Gud har vore med heile tida; Det feirast! Mange har reist rike her i frå, rike på innsida. Det er takksemd, venleik, omsorg og glede. Det er opplevingar av Guds nærleik. Mange har møtt Jesus, og vorte meir kjend med Jesus. Helgatun har sett spor hos mange, spor med Guds signing i. Helgatun er misjonsstasjon, med arbeidrarar på huset, og eit nettverk av medarbeidarar rundt omkring. Helgatun har betydd mykje for området rundt. Helgatun er ingen «tilfeldigheit», Helgatun er ein «gudfeligheit». Mykje fint om 50-åringen.




**Praten gjekk. Det var mange der**, ikkje berre eg og min gode mann. Desse «mange» var som blomar i buketten me hadde med; Forskjellige, men utfyller kvarandre. Alle er viktige.

Det var føter som gjekk. Glede, smil og prat. Takksemd, glede ved å gje, dugnad, gode ord, oppvask og servering

av mat. Det er mykje omsorg i ein kopp kaffi! (eller te!). Eg såg ein flott og unik «bukett» på Helgatun desse to dagane.


**Konserten på laurdagskvelden** var ei musikkoppleving med gode variasjonar. Med gospelkonsert på laurdagen, og familiegudsteneste på søndagen, spegla det Helgatun sitt fokus også på barne- og ungdomsarbeid. Heilt supert.

**På familiegudstenesta** song barnekor, og alle hørde om jernkula. Kula var ikkje fin utanpå, men det var noko verdifullt der inne! Det mest verdifulle av det verdifulle var der. Jesus, himmelen og evig liv. Nemleg, tenkjer eg: Ja til Helgatun og det viktigaste av det viktige; Jesus døyde og stod opp. Der er Gud si kjærleiksgåve. Jesus er nøkkelen, himmelen er open, tenkjer eg. Den nøkkelen verkar inn til himmelen! Ja, tenkjer eg, og hurra!



**Må mange føter** vere med å gå vidare! «La mine føtter få gå, på veier du vil jeg skal vandre».

Må hender be, oppmuntre og jobbe på Helgatun. **Må hender** fortelje og tørke tårer.




**Må venleik**, omsorg og gjestfridom vere der. – Og gode samtalar rundt dekka bord.

Må leik, glede, latter og humor vere på Helgatun.



Sjå ut, sjå fram!



**Sjå ut, sjå fram!** – Gud er allereie der. Gud vil Helgatun. Må fleire få oppleve at Gud ER; Gud, Jesus, den Heilage Ande, – og Helgatun! Saman. Det er fint det!

Utan nydelege blomar i bukett, med ferdig oppdrag og ny bok i veska, «Helgatun 50 år», er me igjen på vegen. Med takksemd, glede og Guds fred i hovud og hjarte, reiser me litt rikare heim frå Helgatun. – Litt rikare på innsida.

Randi Aarthur Innvær



# Barne- og ungdomssidene

Eirik Stensland - Lise Marie Th. Litlabø

## Leirar framover

### Brandøy: Helgatun:

#### Haustrreff

10. klasse+  
10.-12. november  
Pris: 1290,-

#### Miniadventshelg

2.-4. klasse  
17.-19. november  
Pris: 940,-

#### Ten-helg

8.-10. klasse  
24.-26. november  
Pris: 1160,-

#### Adventshelg

5.-7. klasse  
1.-3. desember  
Pris: 940,-

#### Førjulshelg\*

5.-7. klasse  
25.-27. november  
Pris: 940,-

#### Ungdomshelg\*

8. klasse+  
1.-3. desember  
Pris: 1160,-

\*Helgatun pussar opp!  
Dette blir flott, men det betyr diverre at Juleverkstadleiren ikkje vert arrangert dette året. Det betyr også at Førjulshelga og Ungdomshelga vert to forskjellige helger, og ikkje same helga som før.

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)  
[post@indremisjonen.no](mailto:post@indremisjonen.no)  
tlf 53 41 07 04



## Sommarleir på Helgatun

På bileta under finn du nokre glimt frå sommarleiren på Helgatun i juni. Nytt av året var ballbingen! Den var populær og vart mykje brukt. Som alltid var bibelen og samlingane om Guds ord i sentrum. Også denne gongen trur vi at leiren fekk gje noko av varig verdi!



## Familieleir Brandøy



# UNGS QR-hjørne

## foross.no



Foross.no er ei stor side med mykje innhald. Her finn du mellom anna gjennomgang av teksten for komande søndag, både med tekst og i podkast-format. Denne sida er verd eit besøk. Gå på [foross.no](http://foross.no) i ein nettlesar eller skann QR-koden med kamera på din smart-telefon.





Linda Aase - Kristine Særsten

# Mitt bibelvers!

Jesus såg på dei og sa:  
«For menneske er det umogleg;  
men for Gud er alt mogleg.»

Matteus 19,26

Samuel Aarbø Olsen, 14 år



## Sommarminileir på Brandøy

26. - 28. juni arrangerte IMS sommarminileir på Brandøy, ein leir for 2.-4. klassingar. Sjølv om me var litt uheldige med veret, så hadde me det kanongøy desse dagane. Hoppeslott, sporleik, ballspel og teikning var noko av det barna brukte tida på. Sara Brosvik var bibeltimemaldar og hadde «Vegen, sanninga og livet» som tema. Dette var ein flott leir med 30 deltakarar som fekk høyre om Jesus Kristus, vår Frelsar.




Her er glimt frå ein flott familieleir på Brandøy 30. juni - 4. juli. Me vart 110 personar på det meste. Tema var "Følg meg". Det var mykje liv og kjekke aktivitetar, god mat, viktig fellesskap med kvarandre og Jesus.



# 2023

3.-5. november



Tema

## ROTFESTET & RADIKAL

# LEDERKONFERANSE

Straume Forum, Sotra

### HOVEDTALERE



Runar Landro - Tor Erling Fagermoen - Andreas Evensen - Irene Krokeide Alnes - Ragnhild Naterstad

### NETTVERK

1. Barne- og ungdomsledere
2. Gud velsigne deg, dere, dine barn, deres barn... (familie/generasjoner)
3. Forsamlingsnettverk
4. Hvordan kan ekte tro få rom og blomstre i mindre grupper? (Smågrupper)
5. Trosforsvar
6. Stå sterke i stormen (Åpne Dører)
7. Uenigheter, konflikter og konflikthåndtering (samtale og veiledning)
8. Credo
9. Unge ledere
10. Planting av nye fellesskap



INFO OG PÅMELDING: [Leder-konferanse.no](https://leder-konferanse.no)



[imfung.no](https://imfung.no)

Siste frist for påmelding er **24. oktober**

# Mi trushistorie

Av Reidun Teistedal Dyrøy

**Berre eit steinkast frå Horneland bedehus finn me den trivelege heimen til Tor Espen Kristensen. Her bur han med kona Kristin. Saman har dei tre vaksne born på 20, 23 og 25 år. Augustkvelden er mild og me finn han sitjande å lesa i den lune utestova der druene heng modne ned frå taket. Det er førebuingar til bibelundervisning kommande søndag.**

**Kjende berre ei som var kristen**  
Tor Espen blei fødd i Stavanger i 1973. Her vaks han opp utan å ha kjennskap til verken Bibelen eller kristendommen. - Eg kjende berre ei dame som var kristen. Det var læraren min. Eg hugsar framleis noko av det ho fortalde.

## Besøk av Norsk Gideon

Møta med kristendommen avgrensar seg elles til eit par hendingar. Den første var den gongen han saman med to kompisar tilfeldigvis sykla forbi søndagsskulen og blei med. Det blei med denne eine gongen. Den andre hendinga virka kanskje ikkje så viktig først, men skulle få større følgjer enn han skulle tru. På ungdomsskulen fekk dei besøk av Norsk Gideon. Dei delte ut Det Nye Testamentet. – Eg hugsar at mange tok imot gåva på ein lite respektfull måte. - Eg gjekk heim og sette den i bokhylla. Der blei den ståande.

## Studentvener delte frimodig

Etter vidaregåande gjekk turen til Bergen for å studera. - Eg har gode minne frå Fantoft. Me fekk eit godt miljø på studentheimen. På lesesalen møtte Tor Espen eit nytt miljø. Det viste seg at fleire av dei han las med og åt lunsj saman med kvar dag, var med i studentlaget. Her var det fleire som frimodig delte av trua si. Det blei ei ny oppleving for Tor Espen. - Eg skjønnte etter kvart at Jesus var svært viktig for dei, men eg skjønna ærleg talt ikkje kvifor. Kunne ein ikkje berre be rett til Gud? Dette var nye tankar, men det vaks fram ei forståing i han om at det var Bibelen han måtte gå til for å få svar.

## Bibelen – ei levande bok

Tankane gjekk til Nye-testamentet han hadde fått fleire år tidlegare. Kor var det blitt av? Heime på juleferie leita han lenge, og fann det til sist midt i bokhylla. – Kvar kveld gjekk eg tidleg til sengs og las i smug. Eg las frå første side og opplevde at Bibelen var ei levande bok. Det byrja å gå opp for meg

at Gud var ein heilag Gud og at eg sjølv var ein syndar. Eg var ikkje særleg godt kjent i Bibelen. Dette illustrerer han med å fortelja om



eit brev han fekk av Kristin, som skulle komma til å bli kjærasten, og sidan kona hans. Ho avslutta brevet med å helsa han med Joh. 3,16. - Eg lurte lenge på kva i all verda det skulle bety, ler han hjarteleg.

## Gøymde den raude bibelen

- Tilbake i Bergen tenkte eg at eg måtte få tak i ein Bibel. Eg gjekk i fleire bokhandlarar utan å finna nokon. Å spørja var uaktuelt og pinleg! Til sist hadde han hellet med seg i studentbokhandlaren. - Eigentleg ville eg ha ein svart Bibel, med den eg fann var raud. Også denne gongen var eg for flau til å spørja. Den raude Bibelen blei med heim, men den blei godt gøymd så ingen skulla leggja merke til han.

## Ville ikkje lenger skamma seg

-No byrja eg å lesa i Det gamle testamentet. Det var spanande og annleis. Heldigvis fekk eg råd om å starta med å lesa Johannes evangeliet. Eit viktig vendepunkt var då eg las Joh. 12, 43. Der sto det om rådsherrane som kom til tru, men var redde for å vedkjenna seg trua. Dei ville heller ha ære av menneske enn av Gud, stod det. - Akkurat slik er det med meg og, tenkte eg. Den dagen bestemte eg meg for at no skulle eg visa trua mi og ikkje skamma meg. Frå den dagen låg den raude bibelen midt på bordet hos Tor Espen.

## To ønske

Tor Espen fortel at Bibelen framleis er svært viktig for han. – Eg har aldri slutta med å fordjupa meg i Guds ord. Eg har ikkje noko anna håp enn Jesus, og det er berre på grunn av nåden at eg er ein frelst person. Eg har mange sterke interesser, fortel han. Når eg blir interessert i noko går eg heilt inn for det. Både løping, jobbrelaterte emne og pizzabaking er slike interesser. Den heilt store iveren varer i ein periode, men etter ei tid roar det seg som regel litt ned. Slik har det aldri vore med Bibellesinga. Ofte blir det oppfatta som eit krav og eit slit å lesa i Bibelen. Me skulle heller inspirera kvarandre til å lesa i Bibelen. – To ting ønsker eg at me kristne bør ta til oss, seier han. Me kan be om at me må finna glede i Guds ord, og i det å lesa eller høyra frå skrifta. I tillegg ønsker eg at alle kristne finn seg til rette i ei forsamling.

På spørsmål om han har nokre bibelvers som han set særleg pris på svarar han; - Eg vil oppfordra alle til å lesa Ef. 1, 3-14. Desse versa fortel oss om det me har i Kristus. Les det ein, to og tre gonger og spør deg sjølv: Kva fortel dette om oss? Tek du utfordringa?



Tor Espen har fortalt om si trushistorie i ein podcast som heiter **VENDEPUNKT** med Marianne Eide. Følg QR-koden her, så kan du høyre episoden "Frå å sjå på Jesus som irrelevant til å bekjenne han som sin frelsar."



# Jondal bedehus 90 år



**Søndag 2. april** vart ein stor dag i Jondal bedehus si historie. Då inviterte me til jubileumsfest i samband med på-

skefesten. Mange år med rikt arbeid i bedehuset måtte markerast på best mogeleg måte, med både fest og god mat.

**Liv Helga Gulestøl** kunne ønskja om lag 60 gjester velkommen, før ho overlot ordet til festleiar Svein Johan Bakke. Han sette eit motto for festen: Gled dykk i Herren, og presenterte dei

innbedne gjestene som skulle ta del i programmet. Aksel Ingvard Johannesen var festtalar, vidare var det song ved Ove Danielsen. Gro Belsnes Eide spelte piano, og song saman med Anne Karin Stormyr og Jostein Byrkjenes. Olaug Kråkevik starta med å lesa to dikt.

**Aksel Ingvard Johannessen** minna i talen om verdien av fred og fridom. Det var fridomsfest i Jerusalem i påskehøgtida til minne om utfriinga frå slaveriet i Egypt. Han delte også tankar frå preiketeksten for palmesundag om Maria som salva Jesus med ein kostbar salve, slik at heile huset vart fylt av angen frå salven. Han overførte det til bedehuset - om at angen frå Jesus må fylla bedehuset i Jondal.

**90 år med bedehusarbeid** i Jondal tilseier historiske tilbakeblikk, og eit

nylaga jubileumshefte, som Svein Johan Bakke tok initiativet til, førte lesarane med inn bedehuskvardagen - gjennom små glimt frå arbeidet på desse åra.

**Bedehuset og kyrkja** ligg ikkje langt frå kvarandre i Jondal - noko som også kom fram i vikarprest Arne Opsahl Engen si helsing til jubilaranten. Han utfordra til å vera saman med kvarandre: - Gud er den same i framtida og overrekte ei stor blomehelsing frå soknerådet. Gode ønskje vidare kom frå Vines og Alvsåker indremisjon, Herand indremisjon og Jondal ungdomslag v/Olaug Alvsåker, Arjen L.H. Stolk og Anne Karin Stormyr. Festen var avslutta med takk og blomehelsingar til trufaste medarbeidarar over lang tid.

**Me bur i bygder med lange tradisjonar** i godt bedehusarbeid, men det kviler eit ansvar på oss alle om å føra arbeidet vidare til nye generasjonar. Sjølv sagt skulle me hatt fleire med i bedehusarbeidet, men skiftande tider krev ei større utfordring i arbeidet med å leggja tilrette for at fleire skal kjenna seg heime på bedehuset.

Utfordringa til oss alle i Indremisjonssamskipnaden kan vera å tenkja samla på IMS sin visjon - og korleis me kan bidra med hjelp og inspirasjon til bedehusa rundt i bygdene våre og byggja ein stor søskenflokk.

Eirik Gulestøl

## Korleis går det med ImF-prosessen?

Under IMS sitt årsmøte 2020 vart det vedteke at IMS går inn i ein forplikta prosess saman med ImF sentralt og dei andre kretsane for å sjå på korleis me kan ha ein tenleg organisasjon for å nå lengst mogleg med misjonsoppdraget vårt. Vedtaket vart gjort med grunnlag i ImF si generalforsamling 2019. Planen var å vera ferdig med prosessen til GF 2022. Så kom korona, og også andre faktorar har gjort at prosessen no skal få sin formelle avslutning under GF 2025.

### Utfordringar undervegs

Tidleg i prosessen vart to organisasjonsmodellar løfta fram som alternativ; regionmodell og nettverksmodell. Mange har stilt spørsmål til korleis desse konkret kan sjå ut. Ein sentralt styrt prosess er krevande med måten me er organisert på; nedanfrå og opp. Det er i dag dessutan stor skilnad mellom dei ulike kretsane, både i storleik og kultur, og det var krevande å tenka at me skulle koma fram til ei felles forståing av korleis framtida skulle sjå ut.

### Endring i kurs

I mars dette året fekk prosessen sin restart. Den enkelte krets er fri til å finna sin eigen veg med tanke på organisering. ImF kan enda opp med

ei blanding av kretsar, regionar og nettverk. Ny leiargruppe for prosessen er Runar Landro og Torgeir Lauvås, med John Torjus Eriksen som fasilitator. ImF vil bistå i å hjelpe kretsane til å finna den organisasjonsforma som best tener det lokale misjonsarbeidet.

### Meir misjon – eit betre «vi»

Prosessen vert vidare leia ut frå følgjande verdiperspektiv:

- Meir misjon
- blir me eit betre «vi»?

Viktigare enn all omorganisering, er det at me samla sett blir i stand til å nå lenger ut med evangeliet enn me gjer i dag. Me gjer ikkje berre endringar som er til det beste for vår krets, me søker det som er til det beste for heile ImF. Også ImF som sentrallødd går igjennom sin administrasjon for å rigga seg for framtida.

### Framdrift

Prosjektgruppa for ImF-prosessen i IMS har satt ned ei arbeidsgruppe bestående av Johannes Olsen, Andreas Våge og Marit Hårklau Ådnanes for å arbeida ekstra med korleis ei framtidig organisering av IMS kan sjå ut. Fram til årsmøtet i 2024 er målet at gruppa skal ha gjennomgått kretsarbeidet for å finna ut kva som gir meir misjon, og kva som hindrar misjon.

*Under samlinga i mars fekk me fysisk kartlagt verksemda til ImF-familien pr i dag, og korleis det kan sjå ut i framtida. Johannes Olsen, leiargruppe, til høgre.*



Forslag til framtidig organisering skal leggast fram under IMS sitt årsmøte 21. april. Me vil ha ei felles styre- og tilsettesamling i januar, og elles forankra prosessen best mogleg lokalt undervegs.

# Ny Ung-arbeidar i IMS



**Frå 15. august** er Kristine Særsten, 21 år frå Bømlø, ny Ung-arbeidar i IMS med 75 prosent stilling.

**Fleire har tidlegare møtt Kristine** som leiar på Superhelg på Helgatun. Ho har også fleire somrar arbeidd på Kidscamp og Ungdomscampen i Lyngdal. Ho var engasjert i styret for ZoomIn, ungdomslaget på Gilje, før ho byrja på Framnes. Her gjekk ho tre år på idrett. Kristine har eitt år på Global misjon, Helgeland Folkehøgskule. Det siste året har ho arbeidd i Rehabiliteringstenesta på Bømlø, og frå nyttår har ho gått Disippeltreningskule (DTS, Ungdom i Oppdrag) i Sør Afrika.

**I utgangspunktet har Kristine sjølv tenkt** at ho er i stillinga for eitt år, samtidig som både ho og me i IMS er opne for Guds veg vidare. Med tanke på dette er det viktig å arbeida utrustande, at det som vert sådd og starta dette året kan veksa vidare, også etter at Kristine har slutta. «Utrustande» er også ein av verdiane til IMS, som me ynskjer å løfta fram.

**Kristine vil delta på leir og lagsbesøk**, spesielt inn mot ungdommar. Ho vil også vera knyta opp mot Nattcafe Husnes. Det er eit ønske å starta bibelgruppe(r) for ungdom, der nye får trening i å leia gruppene. Legg det seg til rette for å følgja unge enkeltvis, er dette også ønskeleg. Hovudsakleg vil Kristine ha ein utadretta funksjon, der me stadig ser etter nye moglegheiter for å nå unge med evangeliet, og korleis me kan hjelpa dei til å veksa i trua. Møta unge og peika på Jesus, det er det eg gler seg mest til dette året, seier ho.

**Velkommen til IMS**, og Guds velsigning inn i tenesta. Me gler oss til vidare samarbeid.

Marit Hårklau Ådnanes

**ims**  
Indremisjonsmissjonsskipnaden

**CONTEENNEW**  
www.conteennew.no



2023/2024

I starten av september hadde vi oppstart av nytt konfirmantkull i IMS. Første gongen samlast me alltid med både konfirmantar og føresette før me reiser på helgetur med berre konfirmantar. I år er vi 18 konfirmantar, fleire enn nokon gong. Det er spennande og forventningsfullt å starta med eit nytt kull. Ver med å be om at desse 18, 10 jenter og 8 gutar, får sjå meir av kven Jesus er og læra å kjenna han. Vil du veta meir om konfirmasjon i IMS finn du meir på [www.conteennew.no](http://www.conteennew.no).



Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal.

Ordt 22.6

# Helging frå



Det er travle tider på Helgaton. Frå siste helga i juli og ut august har me hatt arrangement kvar helg i form av 80-, 90- og 95-årsdagar. I tillegg har me hatt ILCT, ein misjonsorganisasjon som omset bibelen til ei folkegruppe i Tanzania. Sunnhordlandstreffet vart avvikla frå 21.-25. august med fullt hus.

### Vellukka jubileumshelg

Helga 12.-13. august feira me at Helgaton fylte 50 år. Dette vart eit stort og vellukka arrangement med omlag 160 gjester begge dagane. Det var jubileumsmøte laurdagen og konsert med Vossagospel, Tom Jarle Kristiansen og Knut Inge Røen om kvelden. Sundagen hadde me familiegudsteneste med prostiprest Arnulf Sandvik og song av Vossestrand barne- og ungdomskor. Dette vart som sagt eit stort arrangement med mange involverte. Me vil takka alle som tok del i førebuingane og gjennomføringa av jubileumshelga. Stor takk til jubileumskomiteen ved Solveig Norheim, Birgit Hjelmeland, Anne Marie Solsvik, Nils Håkon Urangseter og Øystein Ådland.

### Jubileumsbok

I samband med 50-årsjubileet har Helgaton gjeve ut ei jubileumsbok med mykje interessant stoff og mange bilete frå 1973 og fram til i dag. Dersom du vil kjøpa boka, ta kontakt med oss på Helgaton. I jubileumshelga kom det inn gaver på kr 155.000,-. I tillegg har det kome inn ca kr 175.000,- i forkant og etterkant av jubileet. Tusen takk til alle.

I september har det vore normal drift med blant anna Damehelg 15. - 17. september og Jakt- og friluftsløip 21. - 24. september.

### Helgatonhelg

Helgatonhelg med basar 30. november - 1. oktober, der Marit Hårklau Ådnanes blir med laurdagen.

### Oppgradering av Helgaton

Dersom alt går som planlagt vert Helgaton stengt for drift frå 22. oktober. Planen er at me skal skifta alle vindauge og dører, og at me får på plass heis frå matsalen til 1. etasje. I tillegg er det planlagt isolering av grunnmur. Takk for at De hugsar på oss på Helgaton.

Jorunn og Aksel Ingvard

**Kjøp Jubileumsboka**

**Kr. 250,-**

Ta kontakt med Helgaton  
Tlf. 56 51 98 98  
Mail: [helgaton@helgaton.no](mailto:helgaton@helgaton.no)



Frå Jubileumshelga 12.-13. august.

# Reiseruta fram til desember

SEPT/OKT - Veke 39

25. september  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
28. september  
**Kåre Johan Hamre**, Vines  
28. - 30. september  
**Lise Marie Th Litlabø**, Bømlo  
29. september - 1. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Odda møteveke  
1. oktober  
**Håkon C Hartvedt**, Horneland  
**Olav Eikemo**, Halsnøy

OKT - Veke 40

2. oktober  
**Lise Marie Th Litlabø**, Leirvik Jr. Ving  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
3. oktober  
**Lise Marie Th Litlabø**, Gilje Yngstes  
4. oktober  
**Lise Marie Th Litlabø**, Halsnøy Ving  
**Eirik Stensland**, ConTeenNew  
**Kenneth Foss**, Søre Neset  
5. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
6. oktober  
**Linda Aase**, Ten-Cafe Samnanger  
**Kristine Særsten**, Nattcafe Husnes  
8. oktober  
**Linda Aase**, Samnanger  
**Kenneth Foss**, Øystese  
**Håkon C. Hardtvedt**, Moster

OKT - Veke 41

11. oktober  
**Olav Eikemo**, Tysnes  
12. oktober  
**Marit A. Røen**, Huglo  
12. - 15. oktober  
**Linda Aase**, **Kristine Særsten** og **Eirik Stensland**, Pitstop Leirvik  
13. - 15. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Forsamlingsweekend Samnanger  
15. oktober  
**Marit Hårklau Ådnanes**, Norheimsund  
**Tor Espen Kristensen**, Moster  
**Silje Fyllingen**, Husnes

OKT - Veke 42

16. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
17. oktober  
**Lise Marie Th Litlabø**, Auklandshamn  
18. - 22. oktober  
**Roald Evensen**, Fitjar  
20. oktober  
**Linda Aase** og **Kristine Særsten**, Nattcafe Husnes  
20. - 21. oktober  
**Marit Hårklau Ådnanes**, Styresamling Framnes  
21. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Frette  
21. - 22. oktober  
**Olav Eikemo**, Varaldsøy  
22. oktober  
**Marit Hårklau Ådnanes**, Håvik  
22. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Skånevik  
**Eirik Stensland**, Sagvåg

OKT - Veke 43

23. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
25. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Vikebygd  
**Marit Hårklau Ådnanes**, Auklandshamn  
25. - 27. oktober  
**Olav Eikemo**, Osterneset  
26. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Øvrebygda  
27. oktober  
**Lise Marie Th Litlabø**, Laurhammer Between  
27. - 29. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Tysnes møtehelg  
**Toralf Steinsland**, Laurhammer møtehelg  
29. oktober  
**Olav Eikemo**, Norheimsund  
**Arne Lindekleiv**, Søfteland  
**Lise Marie Th. Litlabø**, Kyrkjatunet

OKT/NOV - Veke 44

30. oktober  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
31. oktober  
**Marit Hårklau Ådnanes**, Helgatunhelg  
1. november  
**Klaus Muff**, Sveio  
**Kåre Johan Hamre**, Søre Neset  
2. november  
**Kåre Johan Hamre**, Stranda  
3. november  
**Kristine Særsten**, Nattcafe Husnes  
3. - 5. november  
**Tilsette i IMS**, ImF Lederkonferanse  
5. november  
**Arne Lindekleiv**, Moster

NOV - Veke 45

8. november  
**Olav Eikemo**, Øvrebygda  
9. november  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
10. - 12. november  
**Eirik Stensland** og **Kristine Særsten**, Haustreff Brandøy  
12. november  
**Solveig Norheim**, Husnes  
**Ingebrigt S. Sørfonn**, Os

NOV - Veke 46

13. november  
**Kåre Johan Hamre**, Granvin  
15. november  
**Kåre Johan Hamre**, Bømlo  
15. - 19. november  
**Olav Eikemo**, Tørvikbygd  
16. november  
**Kåre Johan Hamre**, Huglo  
17. november  
**Kåre Johan Hamre**, Stord fredagsklubb  
**Kristine Særsten**, Nattcafe Husnes  
17. - 19. november  
**Linda Aase**, **Sara Brosvik**, Miniadventshelg Brandøy  
**Eirik Stensland**, ConTeenNew Fredtun  
18. november  
**Kåre Johan Hamre**, Gilje ZoomIn  
**Lise Marie Th Litlabø**, Tysnes Førjulsbasar  
19. november  
**Marit Hårklau Ådnanes**, Horneland  
**Aksel Ingvard Johannessen**, Jondal  
**Ingebrigt S. Sørfonn**, Sagvåg  
**Kåre Johan Hamre**, Gilje

NOV - Veke 47

21. november  
**Lise Marie Th Litlabø**, Valen Hobbyklubb og Tito  
22. - 24. november  
**Kåre Johan Hamre**, Guddalsdalen  
24 - 26. november  
**Kariann Slettemark** og **Marit Hårklau Ådnanes**, Førjulshelg Helgatun  
**Eirik Stensland**, **Kristine Særsten**, Tenhelg Brandøy  
25. november  
**Lise Marie Th Litlabø**, Leirvik julebasar  
26. november  
**Lise Marie Th Litlabø**, Laurhammer  
**Arne Lindekleiv**, Skånevik  
**Tor Espen Kristensen**, Moster  
**Kåre Johan Hamre**, Nainkyrkja



Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

B



NORGE P.P. PORTO BETALT

# PÅ TAVLA

**PIT STOP**  
12.-15. oktober på Leirvik bedehus

// Bibeltimar // Kveldsmater // Lovsong //  
// Seminar // Aktivitetar // Kafé // Sosialt // Mat //

facebook/pitstopleirvik www.indremisjonen.no **ims**

**Helgatunhelg**  
30. september – 1. oktober 2023

Laurdag: 1200: Møte og basar. Marit Hårklau Ådnanes deltek  
Sal av graut, betasuppe, kaker og kaffi  
1900: Middag

Søndag: Møte kl 1100

Mat – Overnatting - Sal av heimebakt og handarbeid - Åresal og hovudtrekning  
Påmelding for overnatting: [helgatun@helgatun.no](mailto:helgatun@helgatun.no), tlf. 56 51 98 98

Tema  
**ROTFESTET & RADIKAL**

**imf**  
Indremisjonsforbundet

**LEDERKONFERANSE**  
Straume Forum, Sotra

2023  
3.-5. november

HOVEDTALERE

Runar Landro - Tor Erling Fagermoen - Andreas Evensen - Irene Krokeldt Alnes - Ragnhild Naterstad

Sjå side 3

**Hausttreff**  
10.-12. november på Brandøy  
For deg frå 10. klasse og oppover

[indremisjonsamskipnaden.no/leirar](http://indremisjonsamskipnaden.no/leirar)

Sjå indremisjonen.no for påmelding og meir informasjon

**ims**  
Indremisjonsamskipnaden



Meir informasjon, prisar og påmelding finn du på  
**IMS-SOMMARFEST.NO**

**ims SOMMAR FEST**

**BRANDØY**  
14.-16. juni 2024